



Til medlemmer i Øystese Idrettslag

Øystese, 21.10.2016

Sakliste og saksdokumenter for ekstraordinært årsmøte i Øystese Idrettslag

Styret viser til innkalling til ekstraordinært årsmøte av 19.10.2016

Årsmøtet avholdes onsdag 2. november 2016, kl 19.00 i Holmatun (Storsalen).

Under følger saklista for ekstraordinært årsmøte.

Saksliste:

1. Godkjenne de stemmeberettigete.
2. Godkjenne innkallingen og saksliste
3. Velge dirigent, referent, samt to medlemmer til å underskrive protokollen.
4. Samanslåing av Øystese Idrettslag fotballgruppe og Norheimsund Fotball, ved at det vert etablert ny klubb; Kvam Fotballklubb. Viser til vedlagt saksdokument.

Med vennlig hilsen
styre i Øystese Idrettslag

Vedlegg: Saksdokument, datert 21.10.2016

Samanslåing av Øystese og Norheimsund fotballklubar

**Saksdokument for ekstraordinært årsmøte
onsdag 02.11.2016**



Samandrag av innhold i forslaget

Det vert skipa ny fotballklubb med navnet Kvam fotballklubb (Kvam FK). Norheimsund fotballklubb vert lagt ned, det same vert Øystese Idrettslag si fotballgruppe. Medlemene vert overflytta til ny klubb. Ny klubb skal vere klar for sesongen 2017.

På 5-er og 7-er nivå skal laga delast inn etter skulekrins, og held treningar og heimekampar på tilhøyrande baneanlegg. Øvrige lag vert felles, og fordelt på dei to baneanlegga etter fordeling som gir best mogeleg utnytting av kapasitet i både baneanlegg.

A-laget til herrer skal spele sine heimekampar i Øystese.

Draktfarge til den nye klubben skal ikkje vere raud eller blå, men vert bestemt av klubbens nye styre/ medlemsmøte.

Økonomi i dei eksisterande klubbane og kva ein tek med seg inn i ny klubb har vore eit viktig tema i drøftingane. Ein har nytta ressursar frå hovudsponsor Sparebanken Vest i desse drøftingane. Den overordna tanken er at både klubbar skal gå inn i ny klubb med same økonomiske verdiar. I fastsetjinga av verdi har både kontantbeholdning, gjeld, eiendeler og behov for framtidig vedlikehald/ utskifting vore teke med i vurderinga. Ein viser her til kapittel 3.0.

Det er berre arbeiskontrakter som ikkje går ut ved årsskiftet eller ikkje har oppsigelsestid som vert vidareført i ny klubb. Dette gjeld i praksis Øystese Fotball sin A-lagstrenar som har kontrakt fram til 31.12.2017. Det skal tilsetjast ny dagleg leiar/ sportssjef, og ein overlet til denne stillinga (evt nytt styre) å tilsetje ytterlegare ressursar i den nye klubben.

Ingen av eksisterande klubbar sine sine skulefritidsordningar (SFO) vert vidareført til ny klubb. Øystese idrettslagovertek drift av IFO/FFO i Øystese, medan Norheimsund sitt Akademi vert vidareført gjennom Norheimsund fotball fram til sommaren 2017.

Dei største sponsorane er positive til samanslåinga og har gitt signal om at dei vil kunne yte minst like mykje som dei totalt sett gjer i dag, også i ny klubb.

Medlemer i både klubbane har i prosessen vorte oppmoda om å kome med sine innspel. Dette har vorte gjort gjennom e-postar frå medlemer til arbeidsgruppa, samt gjennom medlemsmøte i Øystese Fotball. Alle registrerte innspel er medteke i kapittel 8.0 og 9.0.

Innhald

Samandrag av innhald i forslaget	1
1.0 Kvifor samanslåing	4
1.1 Mål	4
1.2 Argumentasjon/ fordelar for samanslåing	4
1.3 Kvifor samanslåing framfor samarbeide på lagnivå	5
1.4 Kvifor allereie frå 2017	5
2.0 Organisering.....	7
2.1 Innleiing	7
2.2 Klubbnavn	7
2.3 Organisasjonskart	7
2.4 Konstituert styre	7
2.3a Eksisterande tilsette	8
2.4 Tilsette i Kvam fotballklubb	8
2.4a Trenere	8
2.5 Akademi/ fritidsordning (SFO).....	9
2.6 Laginndeling etter skulekrins.....	9
2.8 Drakter.....	9
2.9 Heimebane A-lag	9
2.10 Framnes vidaregåande skule	9
2.11 Øystese Gymnas.....	9
3.0 Økonomi	10
3.1 Økonomisk bidrag frå eksisterande klubbar inn i ny klubb	10
3.2 Øystese Idrettslag fotballgruppa	10
3.3 Norheimsund fotballklubb.....	11
3.4 Inntekter i nye Kvam fotballklubb	11
4.0 Anlegg.....	12
5.0 Sponsorer	13
5.1 Lingalaks AS	13
5.2 Sparebanken Vest.....	13
5.3 GBS Entreprenør AS	14
5.4 Kvam Kraftverk	14

6.0	Kvam herad.....	15
7.0	Fotballkrets.....	16
8.0	Arrangement	17
8.1	Øystese Cup	17
8.2	Torgdag i Norheimsund	17
8.3	Siderfestivalen i Øystese.....	17
8.4	Fotballskular	17
9.0	Innspel frå medlemer i Øystese idrettslag	18
10.0	Innspel frå medlemer i Norheimsund fotball.....	20
11.0	Forslag til vedtak i Øystese Idrettslag	21
12.0	Forslag til vedtak i Norheimsund fotballklubb	21

1.0 Kvifor samanslåing

1.1 Mål

Det overordna målet for ein samanslått klubber som fylgjer:

«*Betre tilbod til alle som spelar fotball i Øystese og Norheimsund»*

«*Tilby ein god utviklingsarena for lokale spelarar»*

«*Hovudfokus til den nye klubben skal vere barne-, ungdoms- og juniorfotball»*

Dette er målet arbeidsgruppa har nytta i forbindelse med dei val og diskusjonar som er gjort i arbeidsmøta og er nedskrive i dette dokumentet. Dette bør og være den førande målet for dei som eventuelt har innspel til kvifor skal vi ikkje skal gjennomføra ei samanslåing – er det andre måtar å sikra eit (like godt eller) betre tilbod til alle som spelar fotball i Norheimsund og Øystese?

1.2 Argumentasjon/ fordelar for samanslåing

- Både Norheimsund og Øystese slit med nok kapasitet på baneanlegga. Gjennom ei samanslåing vil ein kunna utnytta banane på betre måte, og dermed gi fleire treningstimar på begge anlegga.
- Større klubb vil vere meir attraktiv arbeidsplass for tilsette med god kompetanse
- Fleire medlemer til å fordele arbeidsoppgåver i klubben på
- Positive signal frå sponsorar om at ny klubb vil vere meir attraktiv som sponsorobjekt
- Meir allsidig tilbod i alle aldersklassar, tilpassa ulike ambisjonsnivå.
- Jentefotballen i Kvam vil kunna få eit ekstra lyft gjennom at ein har nok spelara til lag på det alderstrinnet ein er på.
- På sikt vil det vere eit naturleg mål å få eit eige senior damelag
- Frå ungdomsfotballen er ungdommen no samla på felles skule. Det er derfor naturlig at ein då spelar saman på felles lag med felles mål. Dette skapar samhald som ein tar med seg inn i skulekvardagen
- Auka samhandling mellom Øystese og Norheimsund i alle alderstrinn vil gi positive ringverknader i fotballen i heile Kvam
- Organisatoriske handlingar/ rapportering som i dag skjer i begge klubber vert samla i 1 ny klubb
- Betre føresetnader for å kunne stille gode seniorlag basert på lokale spelarar
- Hospitering mellom lag vil vere ut frå ferdigheter og haldningar og ikkje som i dag – ofte grunna mangel på spelarar i ungdomsfotballen

- Mogleg å skapa eit større miljø for trenar og der igjennom få til betre skulering av lokale krefter som kan bidra inn som trenar, hjelpetrenar i barne og ungdomsfotballen.
- Mogleg å få fleire foreldre inn rundt laga, spesielt i ungdomsfotballen og dermed fordela «belastninga» på frivillige på ein betre måte
- Ein føresetnad for å klare å ta ut «potensialet» som ligg i fotballen i Kvam. Ein felles klubb vil forhåpentlegvis være positivt for fotball spelalarar i heile Kvam.

1.3 Kvifor samanslåing framfor samarbeide på lagnivå

Ein av dei store utfordringane til dei eksisterande klubbanne i dag er mangel på spelalarar innanfor gitte aldersklassar og kjønn i ungdomsfotballen. Det kan argumenterast med at dette kunne ein ha løyst gjennom samarbeidslag der det er trøng for det (lage felles lag der både klubbar har mangel på spelalarar).

Arbeidsgruppa meiner likevel at dette vil vere ein kortsiktig løysing for å håndtere denne eine problemstilinga. Det vil vere betre å lage ein sterk organisasjon som kan arbeide med **årsaka** til mangel på spelalarar, og kanskje kunne auke rekrutteringa, framfor å «brannsløkkje» utfordringa med spelarmangel.

Det er i dag også svært vanskeleg å rekruttere personar til styrearbeid og andre frivilleg støttefunksjonar i klubbanne. Samstundes vert det stadig fleire arbeidsoppgåver knytt til medlemsregistrering, avgifter og økonomi. Dette er ofte rutineoppgåver som må gjerast dobbelt dersom dei to klubbanne består.

Ved at ein gjennom årsmøte vedtek klubben sine verdiar og målsetjingar vil ein også vere trygg på at alle lag arbeider mot dei same måla, og at det er fleirtalet av medlemene som fastset desse måla.

Det er fyrst ved samanslåing av klubbanne at ein oppnår effektar av å ha 1 medlemsregister, 1 styre og 1 rapportering av obligatoriske opplysningar til krets og forbund. Samstundes vil ein større klubb (medlemsmasse) kunne tilby meir interessante arbeidsoppgåver for tilsette ressurspersonar, og på den måten kunne byggje ein sterkare organisasjon.

1.4 Kvifor allereie frå 2017

I begge klubbar må ein frå og med neste sesong omorganisere ungdomsfotballen for å sikre tilstrekkeleg spelalarar på ulike lagklassar. Dette betyr i praksis at fleire lag må slåast saman. Dette vil medføre eit dårlegare fotballtilbod i begge klubbar, og ein står i fare for å miste

DATERT - 21.10.2016

SAMANSLÅING AV ØYSTESE FOTBALL OG NORHEIMSUND FOTBALL

spelarar på grunn av dette. Med bakgrunn i dette, samt at det no er driv i prosessen er det arbeidsgruppa sin anbefaling at ein prøver å få dette til allereie frå sesongen 2017.

2.0 Organisering


2.1 Innleiing

Det vert etablert ny klubb som overtek medlemsmasse til Norheimsund Fotball og Øystese Idrettslag si fotballgruppe.

2.2 Klubbnavn

Den nye klubben skal ha navnet Kvam Fotballklubb.

2.3 Organisasjonskart



2.4 Konstituert styre

Det nye styret vert konstituert i stiftelsesmøte for ny klubb, og vil bestå av medlemer frå styra i dei to eksisterande klubbane. Årsmøte i mars 2017 vil velje nyt styre.

Valkomite for årsmøte i mars 2017 skal bestå av likt antal medlemer frå begge eksisterande klubbar.

Konstituert styre vil innehalde følgjande funksjonar (det vert i tillegg valgt 2 revisorar):

Leiar:	søkjer å finne ekstern styreleiar (ikkje styremedlem i ØIL eller NIL)
Nestleiar:	eitt av styremedlemene
Styremedlem:	sponsor
Styremedlem:	Alf Kåre Hjartnes
Styremedlem:	Ola Fjerdingen
Varamedlem:	Robert Lund

2.3a Eksisterande tilsette

For Øystese Idrettslag vil samanslåing få følgjande konsekvensar for arbeidsavtalar:

Arbeidsavtale	Oppseilingstid	Vert sagt opp	Videreførast i ØIL hovudlag	Overførast til Kvam fotballklubb
Dagleg leiar IFO/FFO	3 mnd		X	
Instruktørar IFO/FFO	3 mnd		X	
Trenar A-lag senior	aftale går ut 31.12.17			X
Trenar B-lag senior	3 mnd	X		

For Norheimsund fotball vil samanslåing få følgjande konsekvensar for arbeidsavtalar:

Arbeidsavtale	Oppseilingstid	Går ut 2016	Videreførast i Norheimsund fotball
Sportsansvarleg barnefotball	IA	X	
Trenar A-lag senior	IA	X	
Akademi (SFO) tilsette	IA		X

2.4 Tilsette i Kvam fotballklubb

Det skal tilsetjast sportssjef/ dagleg leiar for ny klubb i 100% stilling. Utover dette vert det tilsett trenrarar for senior- og deler av ungdomsfotball.

Totalt antal årsverk for ny klubb ved oppstart vert 2.

2.4a Trenere

Ved ei samanslåing av klubbane vil ha eit større antal trenrarar gjennom at det i ny klubb vert fleire lag. Dette vil gje positive utslag for større trenarmiljø og moglegheit for å utnytte kapasitet på tvers av laga.

For barnefotball nytta ein forelder som trenerressurser. Frå og med ungdomsfotballen er det ynskjeleg å ha kvalifiserte utdanna trenrarar.

2.5 Akademi/ fritidsordning (SFO)

Eksisterande akademi i Norheimsund og fritidsordninga til Øystese fotball vert ikkje teke med inn i ny klubb. Ein ynskjer at ny klubb skal kunne ha fokus på kjerneområder i oppstartsfasen.

Norheimsund fotball sitt akademi vil halde fram gjennom NFK for å oppfylle dei forpliktingar dei har ut skuleåret 2016/17

Øystese fotball sin fritidsordning vert overteke av Øystese idrettslag hovudlag.

2.6 Laginndeling etter skulekrins

Ein legg til grunn at laga på 5-er og 7-er nivå er forankra til skulane der borna går. Det er ofte slik at laga i desse aldersklassane er bygd opp av spelalarar frå same klasse, og dette bidreg til å styrke samhald i klassane og utvikle samarbeide mellom foreldre gjennom ulike arrangement i regi av laga.

Når ungdomen byrjar med 9-ar fotball vil spelarane gå saman. I den grad det måtte vere naudsynt med samanslåing på 5-ar og 7-ar nivå vil ein sjølvsagt gjennomføre dette.

2.8 Drakter

Det vert ny draktfarger på klubben sine drakter, det vil seie ikkje blå eller rauda. Endeleg farge vert bestemt av ny klubb.

2.9 Heimebane A-lag

A-laget herrer skal spele sine heimekampar i Øystese.

2.10 Framnes vidaregåande skule

Det føreligg pr i dag ingen samarbeidsavtale mellom NFK og Framnes VGS, forutan at FVGS leiger tilgang til bane i skuletida.

FVGS har gjennom sitt studietilbud innan idrett bidratt med fleire spelalarar i NFK, og er med på å supplere enkelte av laga.

2.11 Øystese Gymnas

Øystese idrettslag v/ fotballgruppa har pr i dag ein avtale om trenartimar hjå Øystese Gymnas. Dette er ein avtale som gjeld skuleåret 2016/17, og dersom samanslåing skjer frå 01.01.2017 vil denne avtalen bli oppfylt av hovudalget i Øystese idrettslag. Styret i ny klubb vil vurdere om denne typen avtaler kan vidareførast.

3.0 Økonomi

3.1 Økonomisk bidrag frå eksisterande klubbar inn i ny klubb

I fastsetjinga av verdi har både kontantbeholdning, gjeld, eiendeler og behov for framtidig vedlikehald og utskifting vore teke med i vurderinga. Mellom anna har begge klubbar skifta ut kunstgrasdekke dei seinare åra, Norheimsund sist no i 2016. Kunstgrasdekker har ei gitt levetid, og alder på dekke utgjer difor ein konkret verdi for klubben. Løsøre (mål, kjegler, tribuner, etc) utgjer også ein verdi for klubbane, men ein anser denne som å vere om lag lik for begge eksisterande klubbar.

Ved oppstart av nye Kvam fotballklubb vert fylgjande overført frå eksisterande klubbar:

	ØIL v/ fotballgruppa	Norheimsund fotball	SUM (Kvam Fotballklubb)	Merknad
Eigenkapital	200.000,-	200.000,-	400.000,-	
Kunstgrasdekke	1.000.000,-	2.000.000,-	3.000.000,-	Verdi nedskrive i høve 10 års levetid
Gjeld	0,-	0,-	0,-	
SUM	1.200.000,-	2.200.000,-	3.400.000,-	

3.2 Øystese Idrettslag fotballgruppa

Fotballgruppa til Øystese Idrettslag disponerer i dag 3 ulike kontoar, med bokført beløp pr 31.12.2015 som angitt i tabell under.

Organisasjonen har ikkje gjeld.

Kontonummer	Kontonavn	Bokført beløp pr 31.12.2015
3530.22.xxxxx		95.774,81
3530.24.xxxxx		120.953,87
3530.06.xxxxx	Treningsavgift	0,00

Overføring av kr 200.000,- i eigenkapital til ny klubb vert teke frå desse kontoane. Beløp som eventuelt måtte stå igjen vil bli øyremerkt investeringar knytt til utvikling av fotball-anlegg på Øystese Idrettsplass. Det vil vere årsmøtet i Øystese Idrettslag som vedtek utbetaling av midlar.

Det vart i 2012 lagt nytt kunstgrasdekke og utvida av bane på Øystese idrettsplass. Trond Mohn tok kostnaden med dette prosjektet. Øystese idrettslag vil i 2016 få utbetalt kr 700.000,- av Hordaland Fylkeskommune i spelemidlar knytt til prosjektet i 2012. Det føreligg ein muntleg avtale mellom Roger Vassnes i Øystese fotball og Trond Mohn om at spelemidlar som vert refunderte skal brukast til gode formål i Øystese fotball. Det er ikkje avklart kva som blir konsekvensen for denne gåva i samband med ei eventuell samanslåing.

Dersom den muntlege avtalen blir ein realitet og Øystese Idrettslag kan disponere mottatte spelemedlar på kr 700.000,-, vil dette beløpet bli øyremerkt og behandla på same måte som i avsnitt over.

3.3 Norheimsund fotballklubb

Norheimsund fotball disponerer i dag 3 ulike kontoar, med bokført beløp pr 31.12.2015 som angitt i tabell under.

Organisasjonen har gjeld som skriv seg frå skifte av nytt kunsgras lagt i 2016. Dette er å sjå på som «midlertidig» gjeld som vart teke opp for å fullfinansierer nytt dekke, i påvente av spelemedlar som er omsøkt. Gjelda vert ikkje teke med inn i ny klubb, men vil bestå i Norheimsund fotball fram til spelemedlar er mottatt og gjeld kan innfriast. Sparebanken Vest, som er lånegivar, har gitt signal om at dei vil stille seg positive til ei slik løysing, og at dette skal kunne løysast utan å påføre Norheimsund fotball ytterlegare kostnader.

Kontonummer	Kontonavn	Bokført beløp pr 31.12.2015
3530.05.xxxxx	Driftskonto	195.292,-
3530.23.xxxxx	Innsamling	0,-
3530.18.xxxxx	Konto	23.458,-

3.4 Inntekter i nye Kvam fotballklubb

Det er gitt positive uttale frå dei største sponsorane til eksisterande klubbar. Ein kan difor leggje til grunn at dei økonomiske bidraga frå sponsorar vil vere minst like store som i dag. Dette, saman med medlems- og treningsavgifter, vil danne inntekstsgrunnlag for ny klubb.

Ein legg opp til følgjande avgiftsnivå:

Avgift	Pris pr år
Medlemsavgift born	300,-
Medlemsavgift vaksne	300,-
Medlemsavgift familie	600,-
Treningsavgift barnefotball	700,-
Treningsavgift ungdomsfotball	1400,-
Treningsavgift seniorfotball	1900,-
Treningsavgift andre (old boys)	700,-
Støttemedlem	300,-

4.0 Anlegg

Klubben skal bidra til ei likeverdig utvikling av fotballanlegg i Øystese og Norheimsund.

Norheimsund Stadion er oppgradert med nytt banedekke summaren 2016. Øystese Stadion hadde samme oppgradering i 2012. Dette betyr at ein fellesklubb vil ha to relativt moderne baner som vil kunne nyttast i flere år framover med vanlig vedlikehold.

Målet med ei samanslåing vil vidare medføra følgande når ein ser på dei to anlegga under eitt.

1. Ein vil ha moglegheit til fleire treningar i kjernetida (1630-2030) ved at felles lag kan nytta begge anlegga som treningsarena.
2. Sonelaga i Norheimsund og Øystese vil få tilgang til fleire treningar innanfor kjernetida ved at ungdoms – og a lag kan nytta begge anlegga
3. Ein kan tilby fleire treningstimar for ungdoms lag ved at dei nytta begge anlegga
4. Ein kan redusera anleggskostnaden ved at ein i vintermånane desember, januar og februar berre treng å holde open ein av banane (her kan ein tenkja seg annankvar år)
5. Ein kan ha felles vedlikehalds utstyr for dei to banane, noko som igjen er med på å redusera den totale vedlikehalds kostnaden.

I tillegg til dette vil det forhåpentlegvis fortsatt være mange timar med uorganisert fotball både i Norheimsund og Øystese.

5.0 Sponsorer

Det er henta uttale frå største felles sponsorar. Dei er gjengitt som sitat under.

5.1 Lingalaks AS

Lingalaks er udelte positive til en sammenslåing av klubbene.

Vi ser spesielt positivt på effekten i ungdomstrinnene (13-19 år), der en sammenslåing vil legge til rette for de som ønsker å satse på fotballen.

Ved en eventuell sammenslåing, og hvis det legges opp til en god og framtidsretta satsing på ungdomslagene, kan Lingalaks være interessert i å øke vårt økonomiske bidrag til klubben.

Vi ser svært positivt på et eventuelt samarbeid og håper Kvam Fotballklubb blir en realitet.

Med vennlig hilsen

Knut Olav Berg

Økonomi – og administrasjonssjef

5.2 Sparebanken Vest

Sparebanken Vest takkar for førespurnaden om uttale til samanslåing av Øystese IL fotball og Norheimsund fotballklubb.

Som hovudsamarbeidspartnar til begge klubbane vil me sjå positivt på ei samanslåing av klubbane. Sparebanken Vest ynskje å vera ein lokal støttespelar for begge klubbane og bygdene, og med å samordna dette arbeidet i ein felles fotballklubb har me eit ynskje om å halde fram med å vera ein hovudsamarbeidspartnar. Me vil kunne vidareføre vår økonomiske støtte med om lag same nivå som i dag, og vil i tillegg kunne vera med å gje støtte til ulike aktivitetar/prosjekt som har ålmennytig verdi for begge bygdene, heradet og for regionen. Ein vil òg sjå positivt på samarbeid med andre klubbar på Vestlandet, og vil kunne nytta dei relasjonar og samarbeid me har med andre klubbar, til å vera med å etablere samarbeid til nytte for begge partar.

Sparebanken Vest er opptatt av å bygge gode verdiar for folk som bur i bygdene våre, og ynskjer å vera ein engasjert samarbeidspartnar med klubbar som tenkjer fellesskap, og som vil byggje bru mellom bygdene. Banken ser ingen negative sider ved å slå saman klubbane.

Lukka til med medlemsmøtet og prosessen vidare!

Beste helsing

Lars Endre Tholo

Marknadsrådgjevar

5.3 GBS Entreprenør AS

For oss som sponsor er hovudsak å profilere oss på spelardrakter, reklameskilt, annonser med meir. Ei samanslåing vil ikkje endre på vår moglegheit for å profilere oss. Me støttar tankane om samanslåing og ynskjer lukke til med dette arbeidet.

Viss me skal meine noko, ser me det som viktig at dei minste (barneskulealder) trenar og spelar i eiga heimbygd. Medan ungdomsfotballen og dei vaksne trener og spelar på felles lag. Kjekt om me klarar å byggje gode lag med lokale ungdomar.

Lukke til med arbeidet !

Med venleg helsing

Bjørn Øyri

5.4 Kvam Kraftverk

Eg ser på dette som positivt for Kvam. Ei av sidene ved samanslåing er at ein får større breidde, og dermed betre grunnlag for sportsleg suksess på eit høgare nivå.

Samtidig trur eg at dette vil gjera ein meir attraktiv på sponsormarknaden - der ein i dag er konkurrentar.

Beste helsing

Arne Tillung

Adm direktør

6.0 Kvam herad

For både eksisterande klubbar er det slik at det er Kvam herad som eig anlegga, med unntak av banedekket som er eigd av klubbane. Øystese Idrettslag har ein bruksavtale til baneanlegg som går ut i 2017. Avtalen regulerer mellom anna at ØIL står for vedlikehald av baneanlegg, mot eit vederlag frå Kvam herad på kr 57.600,- pr år.

I Norheimsund finnes det ingen formalisert avtale. Likevel gjeld også same prinsippet her som i Øystese, der Norheimsund fotball står for vedlikehald av baneanlegg og drift av klubbhus mot vederlag på kr 80.000,- pr år.

Etter førespurnad frå arbeidsgruppa til Kvam herad om dette punktet har ein fått vite at det pågår eit arbeid for å formalisere og likebehandle alle idrettsanlegga i kommunen. Det betyr i praksis at det uavhengig av ein samanslåing, truleg vil kome ein endring her. Det er ikkje klart kva tid Kvam herad er i ferdige med denne evalueringa.

Tilbakemelding gitt frå Jon Nedkvitne i Kvam herad, datert 11.10.2016:

Viser til kontakt omkring drift og avtalar av idrettsanlegga i Kvam. Kvam herad ynskjer at skuleområda, symjehallar, idrettshallar, idrettsanlegg, fotballbanar, mm. skal driftast på mest mogleg likt vis i heile kommunen. Det vert difor sett opp ein møteserie hausten 2016, der Strandebarm, Norheimsund og Øystese vert gjennomgått først, deretter vert også dei ulike anlegga i Ålvik og Tørvikbygd vurdert. Når dette er gjort vil kommunen vurdera alle avtalar på nytt. Dette til orientering.

7.0 Fotballkrets

Det er gitt følgjande førebelse uttale frå fotballkretsen i Hordaland:

Til: Øystese Fotball og Norheimsund Fotball

Ad deres henvendelse vedr. drøfting og vurdering om sammenslåing av klubber, herunder spørsmål om overtakelse av divisjonsrettigheter. Viser til dagens telefonsamtale med Ola Fjerdingen og kan bekrefte flg sentrale pkt:

Det er Forbundsstyret i NFF som formelt kan godkjenne i slike saker, og da med bakgrunn i NFFs lov som bl.a. regulerer dette i § 8-1 (2)

§ 8-1. Medlemskap i forbundet

(1) Alle klubber som tilrettelegger organisert fotballaktivitet på konkurranse-, trenings- eller mosjonsnivå og er medlem av NIF kan bli medlem av forbundet. Forbundsstyret kan fastsette generelle vilkår for opptak og eksklusjon.

(2) En klubb som ønsker medlemskap i forbundet, sender søknad til kretsen. For å få virkning for neste sesong må søknad være sendt før 1. oktober. Det samme gjelder ved omorganisering i medlemsklubber som kan ha innvirkning på avdelingsoppsett eller kampoppsett neste sesong

Se hele loven her <https://lovdata.no/dokument/NFFL/nfflov/2014-03-09-1>

Kretsstyret i Hordaland vil med bakgrunn i tidligere praksis allikevel vurdere søknader vedr dette etter 1.10.

Slik evt. søknad om sammenslåing og overføring av divisjonsrettighet må da varsles snarest, og foreligge så tidlig som praktisk mulig, men senest innen 11.11.2016.

I tillegg til søknad fra de involverte klubber om hva man ønsker må flg. dokumentasjon foreligge;

- *protokoll fra de to årsmøtene (som viser at begge aksepterer omsøkt løsning)*
- *protokoll fra stiftelsesmøte i evt. ny klubb*
- *avtale mellom klubbene knyttet til bl.a. økonomi, herunder ansvar for evt. gjeld, bruk av anlegg med mer.*

Klubben som evt. "gir fra seg" plass i seriesystemet, vil ikke kunne få tilbake plassen, men står fritt til å starte på nytt med lag i kretsens laveste divisjon.

Forbundsstyret vil også kreve at ingen tredjepart skal bli lidende ved en slik omorganisering. Det vil si at avtaler med sponsorer, spillere, trenere må være ryddet opp i.

Dette som foreløpig orientering om formelle ting som må på plass, detaljer kan og må evt. drøftes nærmere.

Vennlig hilsen

Knut Berge

Daglig leder Hordaland

Knut.Berge@fotball.no

8.0 Arrangement

8.1 Øystese Cup

Ein ynskjer å videreføre arrangementet og utvikle denne cupen videre i ny klubb.

8.2 Torgdag i Norheimsund

Ein ynskjer å videreføre arrangementet, og samarbeidsavtale med Norheimsund Næringslag til ny klubb.

8.3 Siderfestivalen i Øystese

Ein ynskjer å videreføre arrangementet, og samarbeidsavtale med Øystese Næringslag til ny klubb.

8.4 Fotballskular

Fotballskular for yngre spelarar vil bli arrangert både i Øystese og Norheimsund gjennom ny klubb.

9.0 Innspel frå medlemer i Øystese idrettslag

Medlem	Innspel	Svar frå arb. gruppe
Kristi Opsanger	Er bekymra for kva som skjer viss ein blir ueinige i framtida i ny klubb. Ser flott ut på papiret, men vert utfordrande i praksis.	Det er vanskeleg og til dels umogeleg å ta høgde for poteniselle framtidige ueiningheiter i eit saksdokument. Det alltid vil vere årsmøtet i ein medlemsklubb avgjer utviklinga av klubben.
Roger Vassnes	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gav eksempel på andre samanslåingar i Hordaland, som ikkje fungerte på lang sikt pga. ueinighetar. 2. 9' ar fotball frå 6. klasse fom. sesong 2017, og ikkje 7. klasse som arbeidsgruppa har antatt. 3. Me har aldri lånt nokon pengar av Trond Mohn. Me fekk 2,1 mill i ein eingongssum i 2012 slik at det må omformulerast til noko alla dette: Øystese IL vil i 2016 få utbetalt 700 000 av Hordaland Fylkeskommune i spelemidler. Trond Mohn tok kostnaden ved baneutbygginga i 2012 og det er ein avtale om at speleidlane som vert refundert i 2016 vert brukt til gode formål i Øystese Fotball 4. So er det slik at eg har i lag med kollegaen min vårt faste julemøte med Trond i desember og kan eventuelt diskutera bruken av speleidlane om nokon har nokon gode tanker/innspel om dette 5. Saken bør avgjera no, for å avklara framtida. 6. Jentefotball i Øystese er skeptiske til samanslåing. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er vanskeleg og til dels umogeleg å ta høgde for poteniselle framtidige ueiningheiter i eit saksdokument. Det alltid vil vere årsmøtet i ein medlemsklubb avgjer utviklinga av klubben. 2. Til orientering. Viser til pkt 2.6 3. Innspel er teke inn i tekst til pkt 3.2 4. Som over. 5. I tråd med saksdokument. 6. Ein vonar flest mogeleg vil sjå nytte av samanslåing etter at saksdokument er offentleggjort.
Per Dysterud	Sak bør utsettast, ein bør fokusera på å betra det sportslege i dagens klubb.	Viser til pkt. 1.4
Hilde Børven	Fokus på spelarane. Skeptisk til at det blir høg satsing, og at det kan føre til fråfall.	Viser til pkt 1.1 «MÅL», tekst endra etter medlemsmøte.
Karsten Samland	Viss årsmøtet seier nei, bør me samarbeida på ungdomsnivå.	Viser til pkt 1.3
Halvor Torpe	Fokus på junior/oppmot junior fotball, ikkje	Viser til pkt 1.1 «MÅL», tekst

	senior. Forankra seniorfotball med lokale spelarar, og ikkje henta inn eksterne.	endra etter medlemsmøte.
Tore Tellevik	Korleis skal Kvam fotballklubb jobba vidare mtp. sportsplan. Savner dette i saksdokumentet.	Ny klubb bør få høve til å utarbeide sportsplanen.
Bjørn Øyri	<p>1. Slik eg ser det kan ein sjølvsagt fortsetje som før med ØFK og NFK, men det store spørsmålet er kven som vinn « Krigen om spelarane, dei mest motiverte ungdomane ». Då møter me fleire dilemma – nokon vil spele på det beste laget, nokon vil spele med beste kameraten på skulen (Felles Kvam Ungdomsskule), far og mor meiner noko, kansje ulikt som bestefar ☺. . Er det sunt å ha denne kampen mellom klubbane - kven vinn ?</p> <p>2. Dersom me er redde for å mislukkast med ei samanslåing grunna at det har gått feil andre stadar tidlegare og brukar det som argumentasjon. Må me ikkje då spørje oss om det tidlegare har lukkast å ha felles skule på dagtid, for så å skilje ungdomane på kveldstid (ynskjer ungdomane det)?</p> <p>3. Økonomi – kva er dei største inntektskildene i ein fotballklubb og kven kan skape dei. Jau det er vel dugnadsarbeidet på cup, arrangement, treningsavgifter og medlemskontingantar. Kvar finn me flest folk til dugnadsarbeid og størst antal betalande, jau blant dei minste og foreldre deira. Er det då økonomisk fornuftig å satse dobbelt på dei eldste laga i Øystese og Norheimsund. Me må ikkje gløyme at det er begrensa antal spelarar i Kvam som kan bruke all fritida si på fotball etter 16 års alder.</p> <p>4. Betalte trenrarar vart etterlyst i møte (Holmatun 18. oktober) kan være vegen å gå på ungdomslag og senior, men har vanskeleg for å skjøna at dette kan være vegen å gå for både Øystese og Norheimsund. Betalte spelarar har same utfordring.</p> <p>Eg meiner at samanslåing er rette vegen å gå for dei eldste laga, altså frå ungdomsskulealder og oppover.</p>	

10.0 Innspel frå medlemer i Norheimsund fotball

Viser til vedlegg frå Håvard Markhus

1. «Bygda som måtte bli større»
2. «Samanslåing NFK – ØF 2016»
3. «Vil ha seniorsamarbeid» - intervju frå 2010

11.0 Forslag til vedtak i Øystese Idrettslag

Ekstraordinært årsmøte i Øystese idrettslag vedtek samanslåing av fotballgruppa med Norheimsund fotball, i tråd med saksdokument datert 21.10.2016.

- Ny klubb, Kvam fotballklubb, skal vere klar for sesongen 2017
- Fotballgruppa i Øystese idrettslag vert lagt ned og Øystese idrettslag melder seg ut av Norges Fotballforbund
- Øystese idrettslag overfører kr 200.000,- til ny klubb
- Øystese Idrettslag fotballgruppa gir frå seg divisjonsplasser til Kvam fotballklubb

12.0 Forslag til vedtak i Norheimsund fotballklubb

Ekstraordinært årsmøte i Norheimsund fotball vedtek samanslåing av klubben med fotballgruppa til Øystese idrettslag, i tråd med saksdokument datert 21.10.2016.

- Ny klubb, Kvam fotballklubb, skal vere klar for sesongen 2017
- Norheimsund fotball vert lagt ned når økonomiske forpliktingar er innfridd og meldt ut av Norges Fotballforbund
- Norheimsund fotball overfører kr 200.000,- til ny klubb
- Norheimsund fotballklubb gir frå seg divisjonsplasser til Kvam fotballklubb

Bygda som måtte bli større

- Bygda må bli større! Det svara Øystese-spelar Anders Næs då han vart spurd av Hordaland Folkeblad om kva som skulle til for at Øystese Fotball skulle kunna rykkja opp i 2. divisjon. Og er det ikkje då på tide å gjera bygda større? Er det ikkje på tide å ta den tidlegare landslagspelaren på ordet? Ved å sjå Norheimsund og Øystese under eitt og slå saman Norheimsund og Øystese sine fotballklubbbar gjer ein bygda større. Og grunnane til å gjera det er mange og opplagte:
 1. **Økonomi – inntekter.** Fleire sponsorar har sagt dei vil gå inn med betydeleg meir midlar dersom klubbane satsar saman i staden for å konkurrera mot kvarandre.
 2. **Økonomi – utgifter.** Ein vil spara mykje på å slå saman drifta – særleg av seniorlag. Det kostar å sloss mot kvarandre om å vera best i staden for å samarbeida
 3. **Senior – treningsgrupper.** Ein vil få større og betre treningsgrupper på senior. Det er ikkje nok lokale spelarar til at ein kan ha to konkurrerande treningsgrupper. Ein vil verta mindre avhengig av importspelarar, og ein slepp unødvendig dragkamp om lokale spelarar.
 4. **Senior – kamparena.** Ved å slå saman vil ein ha nok spelarar lokalt til å ha til dømes eitt lag i 4. divisjon og eitt lag i 5. divisjon., og spelarane vil kunna gå i mellom laga. Unge, lovande spelarar som ikkje er gode nok til å spela fast på A-laget, vil kunna spela fast på B-laget i 5. divisjon og samstundes kunna vera reserve og få innhopp på A-laget i 4. divisjon. Slik det er no må lovande ungdomar i Øystese, som ikkje er gode nok til fast plass på A-laget velja mellom to «onder». Dei kan gå til Norheimsund og få mykje speletid for A-laget i 5. divisjon, men samstundes mista sjansen til innopp på Øystese i 3. divisjon. Alternativt kan dei vera i Øystese som reserver på A-laget, men må då ha junior eller 6. divisjon som sin hovudkamparena.
 5. **Utviklingsmoglegheiter.** Ved å slå saman klubbanne og samla spelarar, trenarar, leiarar og annan kompetanse får ein dei beste utviklingsmoglegheiter. Ein vil kunna oppnå best mogleg resultat til dømes på seniornivå og når det gjeld spelarutvikling.
 6. **Aldersbestemt.** Me har felles ungdomsskule og felles vidaregåande skular. Då er det meiningslaust at elevane skal måtta velja mellom to fotballlag. Elevar som går på same skule må kunna få gå på felles fotballag også. Då vil ein også her få større og betre treningsgrupper og ein vil ha nok spelarar til lag på alle nivå. Ein kan til dømes i større grad ha reine årslag enn kva ein har no. Er ein oppteken av spelarutvikling er det ikkje tvil om kva som er vegen å gå. Ved å slå saman vil ein kunne gje eit betre tilbod til spelarar i alle aldrar.
 7. **Bygdestrid.** For å få Kvam til å verta ein endå betre plass å bu, er det viktigaste å få minst mogleg bygdestrid. Og skal ein få vekk bygdestriðen mellom Norheimsund og Øystese er det viktigaste og beste ein kan gjera å slå saman dei to største frivillige organisasjonane; Øystese Fotball og Norheimsund FK. **Lat oss få til noko positivt saman i staden for å kjempa om å vera best!**

Lat oss ta Anders Næs på ordet – gjera bygda større, tenkja Norheimsund og Øystese som ei felles bygd, slå saman Norheimsund FK og Øystese Fotball og deretter kjempa saman for alle positive tiltak, enten det er badeland eller kulturhus og same kvar dei skal liggja!

INNSPEL FRÅ HÅVARD MARKHUS, NORHEIMSUND FOTBALL

Hei!

Norheimsund 17.10.2016

Tidlegare når det har vore snakk om samanslåing mellom Norheimsund FK og Øystese Fotball har eg vore sterkt engasjert, med blant anna eit stort intervju i HF. Diverre har det ikkje blitt noko samanslåing, men det er svært gledeleg at dette no kjem opp att.

Eg trur samanslåing av desse to klubbane er viktigare enn dei fleste forstår. Det handlar faktisk ikkje berre om fotball, men om framtida til bygdene våre også i andre samanhengar.

DET BESTE EIN KAN GJERA for å gjera Kvam til ein betre plass å bu er kanskje å få slutt på restane av bygdestriden mellom Norheimsund og Øystese. Noko er ramlande gale når det til dømes kan virka som om 90 % av folk i Øystese er for badeland, medan 90 % i Norheimsund er i mot..

DET BESTE EIN KAN GJERA for å få slutt på bygdestriden, er å slå saman dei to største idrettslagene; Norheimsund FK og Øystese Fotball.

Her kjem nokre innspel frå meg i denne saka:

1. Kvar skal laga spela? A-laget til Øystese har etter det eg kjenner til framleis dispensasjon for å kunna spela heimekampar på ein for liten bane. Slår ein saman klubbane vil ein garantert ikkje lenger få spela heimekampar i Øystese. Ein annan ting er at banen i Norheimsund truleg er mykje betre for både spelarar (som vil synast det er kjekkare å spela på ein større bane) og for publikum (som slepp å verta plasserte bokstavleg tala heilt bak mål...). Ut i frå det burde alle kampar frå smågutt og oppover verta spelte i Norheimsund. Volleyball og basket spelar alle sine kampar i Øystese så lenge det er mogleg, sidan tilhøva er best for dei der. Av same grunn burde fotball då spela sine kampar i Norheimsund. Eg innser likevel at dette nok ikkje er så enkelt, og føreslår difor fylgjande: A-lag og kanskje også B-lag spelar kampane sine i Norheimsund. Dette vert kompensert med at ein større del av andre 11-ar-kampar vert spela i Øystese. Ein variant kan til dømes vera at A-lag, B-lag (pluss eventuelt junior) spelar i Norheimsund, medan alle andre lag (smågutt-små jente- gutt- jente + ev. juniorlag) spelar i Øystese. Då vil langt fleire kampar verta spelte i Øystese.
2. Namn på klubb. Som namn føreslår eg ikkje Kvam, men Hardanger!

Grunngjeving:

- Svært mange tenkjer på Kvam i Gudbrandsdalen når dei høyrer Kvam
- Hardanger er ei svært god merkevare
- Det er tradisjonar for å bruka Hardanger-namnet i Kvam. Her ligg til dømes Hardanger Golfklubb, Hardanger Bordtennisklubb, Hardanger Seglkubb, Hardanger Skøyteklubb og Hardanger Sykkkelklubb
- Skulle nokon andre i Hardanger ynskja å kalla seg Hardanger Fotballklubb, måtte det vel vera Odda FK, men dei er truleg for glade i Oddanamnet..
- Det er ikkje utenkjeleg at Hardanger FK vil verta eit naturleg val også for spelarar utanfor Kvam, til dømes frå Hatlestrand, Jondal og Granvin

3. Eit argument mot samanslåing kan vera at då vert Øystese idrettslag lagt ned, sidan det aller meste av aktiviteten i idrettslaget skjer i fotballgruppa. Det første eg tenkjer då er at ein kan ikkje droppa samanslåing i fotballen for å berga idrettslaget i Øystese. I Norheimsund har ein for lengst lagt ned idrettslaget, og dei færreste saknar det. MEN, dersom det er svært viktig for Øystesebygda å behalda idrettslaget, og ein risikerer nedleggjing om fotball går ut av laget, kan ein gjera fylgjande: Behalda barnefotballen i høvesvis Øystese idrettslag og Norheimsund FK og oppretta ein ny

INNSPEL FRÅ HÅVARD MARKHUS, NORHEIMSUND FOTBALL

Hardanger FK frå og med ungdomsfotballen. Ein kan også eventuelt behalda ungdomsfotballen i Øystese idrettslag og Norheimsund FK men med felleslag, og kun oppretta Hardanger FK for senior og eventuelt junior. Då beheld til dømes Øystese idrettslag nesten alle sine medlemer.

4. Dersom ein risikerer å måtta starta på nytt i 7. divisjon ved samanslåing kan ein gjera følgjande:

Droppa samanslåing, endra namn på Norheimsund FK til Hardanger FK og melda alle over der. Då har ein plassen til Norheimsund i 5. divisjon. På mange måtar er dette kanskje enklare enn å slå saman to organisasjonar.

Kanskje kan ein gjera det same med Øystese og behalda deira plass i 4. divisjon, men det er truleg vanskelegare sidan dei er eit idrettslag.

Eg viser elles til info under, som er frå Knut Berge i krinsen i samband med sist samanslåingsprosess:

«På andre møtet der Knut Berge deltok, fekk me informasjon om korleis me kunne organisere eit evt. samarbeid. Me fekk følgjande råd.

Alt A

Den eine klubben består som i dag, og at ein legg ned seniorsatsinga i den andre klubben. Spelarar frå den klubben som legg ned må melde overgang i flg regelverket.

Alt B

Øystese og Norheimsund startar ny klubb saman. For å behalde divisjonsstatus må den nystarta klubben vera ei direkte videreføring av den eine klubben (klubben med høgaste divisjonsstatus).»

5. Kva om til dømes Norheimsund FK seier ja, men ein ikkje får stort nok fleirtal for samanslåing i Øystese? Då føreslår eg at ein endrar namn på Norheimsund FK til Hardanger FK og søker om treningstider på den offentlege bana i Øystese i tillegg til på eigen bane i Norheimsund. Då trur eg dei fleste frå Øystese vil melda seg over og at resten vil gå av seg sjølv... Men det føreset at ein får med mange leiarar, trenarar og andre frå Øystese.

Mvh

Håvard Markhus

INNSPEL FRÅ HÅVARD MARKHUS, NORHEIMSUND FOTBALL

Vil ha seniorssamarbeid

Når fotballsesongen 2010 vert sparka i gang vil Norheimsund Fotballklubb og Øystese IL Fotball ha eit tettare samarbeid enn nokon gong. Med eitt unntak er samlede lag frå smågut og småjentenivå og opp til junior felleslag. No tek Norheimsund Fotballklubb initiativ for å få til eit samarbeid også på seniorsida.

- Me har samarbeidt med hell på fleire aldersbestemte lag lenge. Framfor denne sesongen vert dette samarbeidet auka ytterlegare. I Norheimsund Fotballklubb går me inn for samarbeid også på det nivået der det truleg er mest å henta på dette, nemleg på seniorsida, seier leiar Bjørn Øyri. Han presiserer at ein ikkje tenkjer ei samanslåing av klubbane.
- I barnefotballen bør ein fortsetja kvar for seg som i dag. I ungdomsfotballen ser me fram til eit tett samarbeid. Det bør me også få til på seniorsida. Korleis me skal gjera dette organisatorisk må me koma tilbake til. Her finst fleire modellar, fortset Bjørn.

Styret i Norheimsund Fotballklubb har no sendt brev til samarbeidsklubben på andre sida av Nes og bede om ei snarleg tilbakemelding på korleis dei ser på tankane om felles seniorlag for menn frå og med 2011-sesongen. Bjørn Øyri ventar i spenning på svar. Det same gjer sportsleg leiar Arve Øyri og resten av styret i Norheimsund.

SPORT OG ØKONOMI

Arve listar opp ei rekke grunnar til at klubbanne må få til felles seniorlag.

- Det er i dag ikkje i nærleiken av nok lokale spelarar til at det er grunnlag for to 3. divisjonslag i Kvam. Det er berre å sjå på det store antalet importspelarar på dei to laga. At ein får eit lag med større lokal forankring vil igjen truleg føra til auka engasjement rundt laget. Me vil òg sleppa ein dragkamp om dei lokale spelarane. Vidare vil me kunna gje eit langt betre sportsleg tilbod til spelarane. Me vil til dømes kunna ha eit A-lag i 3. divisjon og eit B-lag i divisjonen under, og spelarane vil kunna gå i mellom dei to laga. Bjørn er ikkje i tvil om at det er svært mykje å henta økonomisk på eit samarbeid.
- Det er svært dyrt å drifta to seniorlag i 3. divisjon slik som ein gjer den sesongen me no går inn i. Det vil vera veldig mykje å spara på eit samarbeid. Samstundes vil ikkje inntektsida verta noko vesentleg mindre. Det er til dømes ikkje slik at lokale bedrifter doblar sponsorbudsjettet sitt til fotballen no når ein har to lag i 3. divisjon. Dei gjev nok om lag det same som før, men deler det på to klubbar. Dermed vil ein få inn minst det same i sponsorinntekter om ein slår seg saman. Truleg vil ein få inn meir, då me vil få eit betre produkt å tilby sponsorane, seier Bjørn. Han kan fortelja at fleire av dei største sponsorane til klubben har uttalt seg positiv til samarbeid på seniorsida, og at ein også har fått signal frå nye potensielle sponsorar som vil verta med på laget dersom ein får til eit samarbeid.

AUKA SATSING PÅ YNGRE

Summen av dette – at ein kuttar i utgiftene betrakteleg samstundes som inntektsida truleg heller vert større enn mindre – vil føra til at ein vil sitja att med pengar som ein kan nyta annleis. Bjørn og Arve har klare tankar om kven som kan få glede av det:

- Me vil frigje meir midlar som me kan nyta på aldersbestemte lag og spelarar. Det bør kunna føra til at me produserer fleire gode lokale spelarar. Der er me ikkje flinke nok per i dag, meiner dei to leiarane, som òg er opptekne av at ein kan få til noko positivt i fellesskap i dei to bygdene.
- Ein har fått til eit vellukka samarbeid mellom Norheimsund og Øystese i svært mange organisasjonar, ikkje minst i idretten. Ein samarbeider både i handball, basketball, volleyball, ski og fleire andre idrettar. No får me dette til også i ungdomsfotballen. Då gjenstår berre seniorfotballen, og me meiner det er på tide å få til samarbeid også der, seier Bjørn, som også meiner den nye felles ungdomsskulen er eit poeng med tanke på samarbeid.

INNSPEL FRÅ HÅVARD MARKHUS, NORHEIMSUND FOTBALL

- No kjem dei fleste ungdomane i bygdene våre til å gå på same skule frå og med ungdomsskulealder og det gjer eit tettare samarbeid også innan fotballen endå meir aktuelt, seier han.

Hovudtrenar for A-laget til Norheimsund Johnny Mikael Gallefoss er innflyttar til Kvam og har busett seg i Skipadalen – midt mellom dei to bygdene. Han ser på eit samarbeid på A-lagsnivå som svært spanande.

- Me har personar med ei voldsom drivkraft i begge klubbane. Tenk om me kunne fått desse ressurspersonane til å dra i same retning. Då trur eg me ville hatt veldig gode føresetnader for å få til noko bra i lag, seier Johnny, som også trekkjer fram fleire lokale spelarar på laga og fleire gode utviklingsarenaer for spelarane med både A-lag, B-lag og juniorlag i same klubb som gode argument for ei samanslåing.

ANLEGG

Bjørn og Arve meiner me i dag har ein svært god anleggsituasjon i Kvam.

- Me har i dag to banar som er godkjende for spel i 2. divisjon – ein i Norheimsund og ein i Strandebarm. I tillegg har me kunstgrasbanen i Øystese. Me ser at Øystese har fått ei utfordring sidan banen deira ikkje er godkjend for 3. divisjon, og har tilbudt dei å nytta vår bane med tilhøyrande fasilitetar til sine kampar for kroner 600 per kamp, noko som skal dekkja kostnader til vatn og straum.. Det vil truleg verta billegare enn å spela på ein arena som er lengre vekke, fortel Bjørn og Arve. Dei ser dermed gjerne at det spelar to 3. divisjonslag på Norheimsund Stadion denne sesongen, men frå og med sesongen 2011 vonar dei at spelarane på dei to laga er lagkameratar på eit felleslag.